

# **Tabellar for fylkeskommunane**

**Tabell 1-fk**

**Tabell 2-fk**

**Tabell 3-fk**

**Tabell A-fk**

**Tabell B-fk**

**Tabell C-fk**

**Tabell D-fk**

**Tabell E-fk**



## **Tabell 1-fk**

### **Rammetilskot til fylkeskommunane 2017**

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572 post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2017*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2016. Skatteutjamninga skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2017 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2018, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2018.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)**

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

### **Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)**

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2016. Satsane for 2017 er oppjustert med halvparten av den kommunale deflatoren for 2016–2017.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 193
Troms	1 358
Finnmark	1 855

### **Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)**

Kolonne 3 viser fordelinga av basisramma av skjønstilskotet til fylkeskommunane for 2017. Departementet føreslår å sette av 509 mill. kroner i basisramme til fylkeskommunane. Kompensasjon for høgare differensiert arbeidsgjevaravgift er ført vidare nominelt frå 2016, og utgjer 139 mill. kroner av basisramma i 2017. Departementet føreslår å halde tilbake 150 mill. kroner innanfor skjønsramma til fylkeskommunane. Av det er 100 mill. kroner sett av til ekstraordinære hendingar m.m. i løpet av budsjettåret (reservepott), mens 50 mill. kroner er sett av til ei tilskotsordning for infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Det er òg sett av 50 mill. kroner av skjønstilskotet til kommunane til denne tilskotsordninga, slik at infrastrukturpotten er på til saman 100 mill. kroner.

### **Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2017**

Sum av kolonnane 1–3.